

## Kioskinstruks – Dyrskun – Seljord IL

kl.07 Pølsekokarar blir sett på av andre – sjekk at dei er varme når du kjem.

kl.08 Registrere deg ved personalmottaket ved hovudmatutsalet og ta med følgjande til kiosken:

- Nyvaska frakk og caps
- Veksel frå økonomikontoret
- Nykoka kaffe, Baguettar, Kylling Wraps, Vegan Burrito, wienerpølser og pølsebrød

I kiosken set ein fram skiltet med frokostmeny på disken.

Kiosken opnar seinast kl.09:00.

kl.09-10 Hente frå hovudmatutsalet følgjande:

- Hamburgarar, ferdigpakka hamburgarbrød, bacon til hamburgerar, pommefrites, bakt potet og bacon til bakt potet.
- Bruk uttaksliste for å få med alt av mat og utstyr som manglar i kiosken.

**Gassgrill og frityrkokar skal alltid brukast av vaksne. Ikkje ta i bruk gassgrill og frityrkokar før du har fått opplæring i bruk av eigne ansvarlege som kjem rundt i alle kioskane.**

- Heile menyen er klar for sal kl.10:00 ☺

kl.10-19 Alle Kioskansvarlege, som har skilt på seg, organiserer arbeidet i kiosken gjennom dagen:

***Vi er alle ein del av vertsskapet til Dyrskun og det er viktig at alle gjester blir møtt av eit hjelpande og hyggeleg vertskap.***

- Som kioskansvarleg tek du i mot dei som skal jobbe i kiosken og gjev dei opplæring i oppgåvene dei skal utføre. Viktig at det heile tida er ein kioskansvarleg på plass. Ikkje bli for opphengt i å hente mat eller å stå i kassa, men prioriter heile tida å ha kontroll over kiosken.

- Det er skilje mellom dei som står i luka og ekspederer og dei som står bak og posjonerar mat.
  - Dei som ekspederar og tek i mot pengar, skal ikkje vere i kontakt med mat.
  - Alle som er i kontakt med mat vaskar hendene og brukar eingongshanskar – hugs å byte ofte.
- Ansvarlege ser til at benkar og diskar er reine, at det er ryddig i kiosken, at all varmmat har over 60 grader, at alle brukar caps og frakk, organiserar henting av mat, puttar setlar ned i låsbare kasser, at mobiltelefonbruk ikkje blir skjenerande for gjestene og tek i mot dei som ryddar rundt kiosken.

#### kl.19 Førebur avslutning av dagen: (kl.1700 på søndag)

- Har du for myke varm mat som ikkje blir seld, returner dette til hovudkjøkkenet tildekka.
- Rydde reint for søppel i og utanfor kiosken.
- Blikk, plast og pappavfall tek du med deg til hovudmatutsalet.
- Matavfall, restavfall og flaskepant legges i stativ/containere på anvist stad ved kiosken.

#### kl.20 Kiosken stenger (kl.1800 på søndag)

- Slå av straumen til pølsekokarane og gassen til grillane. Frityren blir tømt og avslått av andre.
- Returnere alt av bakkar og kjøkkenutstyr til hovudmatutsalet
- Vaske bord, benkar, utstyr og fei golv i kiosken
- Pass på å levere alle klutar, frakker og capser ved hovudmatutsalet for vask (sorter).
- Ikkje forlat kiosken før pengekassene vert tømt av eigne folk.

#### Søndag

kl.18 Tømme kiosken for alt av varer og løst utstyr som pølsekokarar, potetkasser, kjøkkenutstyr, reinhaldsutstyr m.m.

og ta dette med til hovudmatutsalet der ein ansvarleg viser deg kor du skal plassere varer og utstyr.

Kasseapparat, bankterminalar, grillar og frityr blir henta av andre.